

Årsmelding 2009



Snøen som fall i desember 2009 vart liggjande rekordlengde. På biletet ser vi Lars og Sivert saman med snømannen Kalle.



Christian Fotland

2009 vert hugsa

2009 vil på mange vis vere eit år som vert hugsa. To store byggjeprojekt er avslutta.

Sæbø skule er den største investeringa i Radøy kommune nokon sinne. Praktbygget med fleksible læringsreal, moderne pedagogiske løysingar, ein fleirbrukshall til bruk både i skule og fritid, kantine og inventar og utstyr som er tilpassa dagens krav til gode undervisningsmetodar. Då leiar av byggenemda leverte bygget til Ordførar Jon Askeland 12. november var det fest i Sæbøbygda. Eit etterlengta bygg står no klart til lærarane og elevane.

Velferdssenteret har òg teke i bruk ein heilt ny fløy i 2009. 15 nye topp moderne rom med gode fasilitetar. Stille/bårerom, sansehage og flotte, lyse vaktrom har òg auka kvaliteten på tenestene våre.

Godt planleggingsarbeid, fantastisk innsats av dei tilsette og ikkje minst alle frivillige som hjalp til, gjorde at flyttinga frå Hordabøheimen gjekk strålende fint. Radøy kommune takkar alle som tok del i dette arbeidet.

Målstyring

Radøy kommune har dei siste åra jobba med balansert målstyring. Dei fem ulike perspektiva våre dannar grunnlaget for satsinga til kommunen. I tabellen til høgre kjem ei kort oppsummering på resultat i høve mål 2009.

Radøy kommune har hatt god effekt av å vere med i Kvalitetskommuneprogrammet. Dei to hovudmåla har vorte innfridd. Betre kvalitet i overlevering av teneste og lågare sjukefråvær. Gjennom brukarundersøkingane har me fått dokumentert at brukarane inn-

Mål/tiltak

Resultat

Omdøme

Positiv folketalsutvikling	Ingen endring (4825)
Ungomsaktivitet (klubb)	Tilbod annan kvar fredag
Kvalitetsmelding skule	Ikkje ferdig
Mål i høve kvalitetskommune	Gjennomført - positiv
Gode ikt løysingar	Nye fagsystem tatt i bruk, oppgradering økonomi/løn, sakshandsaming
Kvalitetssikring av all saksh.	Dobbelsignatur gjennomført
Fokus på alternativ oppvarming	Store tiltak gjennomført med midlar frå Enova
Oppstart miljøsertifisering	Start 2010
Invitera næringslivet til møte	Gjennomført

Brukarar

Fem nr av Radøynytt	4 nr. levert
Topp tre i forbrukarrådet servicetest	Vart nr 1 og best i landet
Fem stjerner på nettsida	Fekk 6 stjerner og best i Hordaland (5 i landet)
Utarbeide informasjonsstrategi	Gjennomført: 4xP (portal, publisasjon, presse, publikumskontakt)
Brukarmedverknad i omstilling	Tillitsvalde med i alle prosessar
Arbeide for attraktive næringsreal	Kommunedelplan Radøy sør vedtatt, med uviding av Industriområdet Olsvollstranda

Ressursar

Innføring av månadsrapp. einingar	Gjennomført
Nye interkommunale samarbeid	Felles skattekontor gjennomført
Halde budsjett	Har eit overskot, men meirforbruk i høve budsjett

Organisasjonsutvikling

Oppdatert planverk	Starta revisjon av delegasjonsreglement, hmt rutinar og permisjonsregl.
	Etikkreglement innført
	Rullering av ulike beredskapsplanar
Fokus på innhald i jobben: Mål 4,7	Starta rullering av kommuneplan, vedtak på kommunedelplan Radøy sør
	Medarbeidarundersøkinga gav resultat 4,9 av 6 (270 svar)
Fokus på sjukemeldingsoppfølging	Mål i kvalitetskommuneprogrammet 10% reduksjon ikkje gjennomført

Arbeidsmiljø

Ta i bruk LØFT OG DIALOG metode	Gjennomført i store deler av organisasjonen
10% reduksjon i sjukefråvær	ikkje gjennomført, men 13% reduksjon i 3. og 4. kvartal
Medarbeidarsamtale snitt land 4,7	Radøy har snitt 4,4 mål ikkje nådd
Ny kompetanseplan	Arbeid ikkje starta opp
Dialogkompetanse - oppfølging	Starta og avvikla
Bemanning i høve oppgåve	Score som snitt land
Fokus på god leiing	Kompetanseheving, kurs, strategisamlingar, gjennomført

anfor dei tre store tenesteområda våre, barnehage, skule og pleie og omsorg er godt nøgde med tenestene. Innanfor barnehage ligg Radøy på same snitt som landet elles med ein skår på 4,8 av 6. Innanfor skule er resultatata gjennom foreldreundersøkinga i snitt betre enn snitt for landet. Innanfor Pleie og omsorg, heimeteneste har me skår på 3,3 av 4. Snitt land er 3,2. Altså noko betre. I institusjon har me også snitt på 3,3. Her er snitt land 3,1. Det er gledeleg at brukarane opplever at kommunen leverer gode tenester. Vi må likevel ha fokus på å utvikle og effektivisere tenestene våre. Økonomien vert truleg trongare i åra som kjem, og forventningane til kva kommunen skal levere aukar. Me står overfor eit forventningsgap der innbyggjarane har forventningar om å få tenester på eit høgare nivå enn det kommunen kan levera. God kommunikasjon og informasjon vert difor kanskje endå viktigare i åra som kjem.

TAKK

Rådmannen ønskjer å takke politikarar, tillitsvalde, tilsette og andre samarbeidspartnarar for eit godt samarbeid i 2009.

Resultat 5. klasse

Fag	2009		2008	
	Karakter	Snitt land	Karakter	Snitt land
Lesing	1,7	2,0	1,9	2,0
Engelsk	1,7	2,0	1,9	2,0
Rekning	1,7	2,0	1,9	2,0

Resultat 8. klasse

Fag	2009		2008	
	Karakter	Snitt land	Karakter	Snitt land
Lesing	3,0	3,1	3,3	3,1
Engelsk	2,9	3,0	3,1	3,0
Rekning	2,8	3,1	3,5	3,1

Elevprestasjonane som er referert her gjeld eksamen i 10. klasse, gjennomført i mai/juni 2009, og nasjonale prøvar i 5. og 8. klasse, gjennomført i september 2009.

Dei gjev såleis eit bilete av kvar elevane står etter småskulesteget (5. klasse), mellomsteget (8. klasse), og etter gjennomført grunnskule. Vi ser at resultatata for småskulesteget er langt svakare enn landssnittet, og også klart svakare enn dei var i 2008. Resultata for mellomsteget er svakare enn landssnittet, og langt svakare enn i 2008, då gruppa låg godt over snittet.

Ei liknande utvikling ser vi for eksamensresultata ved ungdomsskulen.


Det er vanskeleg å finna forklaring på desse utslaga ved å analysere tala nærare. Det er store svingingar både mellom barneskulane, og mellom faga ved den einskilde skulen. Våren 2010 vil dei elevane som vart testa på nasjonale prøvar i 8. klasse 2007 gå opp til eksamen. Hausten 2010 vil tilsv arande dei som i 2007 vart testa i 5. klasse no verta testa i 8. klasse. Hausten 2010 vil for første gong 9. klasse verta testa i lesing og rekning. Dette er dei same elevane som i 2009 vart testa i 8. klasse.

Når vi får inn desse resultatata, vil vi for første gong kunna sjå kva utvikling ei elevgruppa har i dei ulike skuleslaga. Dette vil vonleg gje oss betre grunnlag for å prioritere tiltak som kan styrke læringsutbyttet til alle elevane.


Eksamensresultat grunnskule

Fag	2009				2008			
	Radøy		Nasjonalt		Radøy		Nasjonalt	
	Standpunkt	Skriftleg eksamen	Standpunkt	Skriftleg eksamen	Standpunkt	Skriftleg eksamen	Standpunkt	Skriftleg eksamen
Norsk hovudmål	3,7	3,0	3,8	3,4	3,7	4,0	3,8	3,4
Norsk sidemål	4,0	3,2	3,6	3,3	4,0		3,7	
Matematikk	3,4	3,1	3,5	3,4	3,8	3,4	3,4	3,2
Engelsk	3,8	3,5	3,8	3,8	3,9	3,0	3,8	3,7

Folketalsutvikling



Sjuefråvere





Sveinung Kvamme

Rekneskapen for 2009 er gjort opp med eit netto driftsresultat på vel 4,5 mill. eller 1,5% av samla driftsinntekter. Normalt bør resultatet vera 2,5-3%. I regulert budsjett var netto driftsresultat rekna til 7,25 mill. Det er såleis ein betydeleg

svikt mellom budsjett og rekneskap.

Dei frie inntektene vart nær 2 mill høgare enn budsjettet; netto skatt og rammetilskot ca 0,7 mill, flyktingetilskot ca 0,8 mill og rentekom-pensasjonar ca 0,4 mill.

Renteinntekter og finansielle gevinstar vart om lag 0,2 mill høgare enn budsjettet, medan rentekostnader og avdrag vart tilnærma som budsjettet. Det må nemnast at BKK betalte ut uvanleg stort utbyte i 2009, totalt ca 10,5 mill. Av desse er ca 3,6 mill ført som inntekt i investeringsrekneskapen.

Andre driftsinntekter har også auka i høve til budsjett. Auka brukarbetalingar skriv seg mellom anna frå institusjonar, foreldrebetaling i SFO og i musikk- og kulturskulen. Auken i «Overføringar med krav til motyting» gjeld først og fremst momskompensasjon av investering (0,5 mill) og drift (1,5 mill). Tilskotet til ressurskrevjande brukarar vart ca 0,3 mill lågare enn forventa. Dette skuldast auka kommunal eigen-del, redusert kompensasjonsgrad frå staten og innskjerpa krav når det gjeld kva kostnader som kan takast med i utrekningsgrunnlaget.

Driftskostnadene auka mykje i 2009. Diagrammet «budsjettavvik- driftskostnader» på neste side syner dette. Løn og sosiale utgifter, etter frådrag for sjukelønsrefusjon, er samla sett lågare enn budsjettet. Dette skuldast først og fremst to faktorar. Ein del einingar har «spart» på løn ved ikkje å tilsetja vikarar ved sjukefrå-være. I andre einingar har ein måtta leiga inn personell frå eksterne byrå, og kostnadene kjem då ikkje kjem fram under løn, men som andre driftskostnader.


Vi ser også at budsjettavvika når det gjeld «Kjøp som inngår i eigenproduksjon» og «Kjøp som erstattar eigenproduksjon» er store, og au-kande i høve til tidlegare år. Denne utviklinga gir grunn til uro. Generelt aukar kostnadene på nær sagt alle artar. Unntak er telefoni, datakommunikasjon og straum. Kostnadene til inventar, datautstyr og konsulenthjelp IKT syner særleg sterk vekst, sjølv om ein del av dette er finansiert gjennom bruk av fond. Også kostna-dene til reparasjonar og vedlikehald av utstyr og anlegg er langt høgare enn budsjett. «Kjøp som erstattar eigenproduksjon» syner

Driftsrekneskapen	2009	Budsjett 2009	2008
Driftsinntekter			
Brukarbetalingar	(15 703)	(13 406)	(13 727)
Andre sals- og leigeinntekter	(28 012)	(27 670)	(28 554)
Overf. med krav til motyting	(57 058)	(42 647)	(58 526)
Rammetilskot frå staten	(75 833)	(83 825)	(73 880)
Andre statlege overføringar	(8 474)	(6 593)	(11 771)
Andre overføringar	(589)	-	(548)
Skatt på inntekt og formue	(95 447)	(86 688)	(81 475)
Eigedomsskatt	(10 700)	(10 700)	(1 928)
Sum driftsinntekter	(291 816)	(271 529)	(270 409)
Driftsutgifter			
Lønsutgifter	162 118	154 372	151 888
Sosiale utgifter	42 765	42 655	38 752
Kjøp som inng. i komm. prod.	44 415	37 219	37 424
Kjøp som erstattar eigen prod.	19 338	13 974	13 950
Overføringar	14 950	12 332	14 488
Avskrivningar	10 964	10 968	9 337
Fordelte utgifter	2 345	2 183	3 879
Sum driftsutgifter	296 895	273 703	269 718
Brutto driftsresultat	5 079	2 174	(691)
Renteinntekter, utbyte mv	(9 365)	(9 166)	(9 637)
Rentekostnader og avdrag	10 707	10 710	14 596
Motpost avskrivningar	(10 963)	(10 968)	(9 337)
Netto driftsresultat	(4 542)	(7 250)	(5 069)
Netto avsetningar	4 542	7 250	5 070
Meir/mindreforbruk	-	-	1


(tal i heile tusen)

Investeringsrekneskapen	2009	Budsjett 2009	2008
Sal av driftsmidlar og fast eigedom	(2 635)	(2 150)	(737)
Andre salsinntekter	(180)	(500)	(183)
Overføringar med krav til motyting	(3 397)	(4 708)	(8 092)
Andre overføringar		(5 200)	
Utbytte, eigaruttak	(4 707)	-	
Sum investeringsinntekter	(10 919)	(12 558)	(9 011)
Lønsutgifter	566	-	549
Sosiale utgifter	148	-	128
Kjøp som inng. i komm. prod.	32 322	41 100	58 592
Kjøp som erstattar eigen prod.	39	500	-
Overføringar	8 472	-	13 572
Renteutgifter m.v.	248		635
Fordelte utgifter	240		
Sum utgifter	42 035	41 600	73 476
Avdragsutgifter	1 712		
Utlån, kjøp av aksjar mv	7 863	7 650	4 581
Dekking av udekkja frå tidl år	6 820	6 820	
Fondsavsetningar	2 262	-	518
Sum finansieringstransaksjonar	18 657	14 470	5 099
Sum trong for finansiering	49 773	43 512	69 563
Bruk av lån	(39 154)	(31 307)	(44 502)
Mottekne avdrag	(2 014)		(1 612)
Sal av aksjar og andelar			(90)
Overført frå driftsrekneskap	(2 288)	(6 803)	(3 864)
Bruk av fond	(6 316)	(5 402)	(12 675)
Sum finansiering	(49 772)	(43 512)	(62 743)
Udekkja i investering	1	0	6 820

(tal i heile tusen)




Høvesvis fordeling av inntekter siste 4 år




særleg store avvik. Dette er først og fremst kostnader til leige av personell ved Velferdssenteret og dels heimetenesta (1,8 mill), men også barnevernet (ca 0,9 mill). Kostnadene til såkalla «gjesteelevar» i skulen syner også stort avvik frå budsjett (ca 0,5 mill).

Også «overføringar» syner stort budsjettavvik. Dette er først og fremst knytt til sosialhjelp (1,3 mill), men også til ein del andre område, barnevern, landbruk, miljø og sentraladm. Når det gjeld sosialhjelp, er ein god del av dette forskottering av ytingar frå staten, der nær 0,6 mill kjem attende som auka eigenbetaling.


Budsjettavvik - inntekter



Driftsutgifter 2009



Budsjettavvik - driftskostnader




Momskompensasjon av investering - ført i drift




Avskrivningar og fordelte utgifter er «nullspel» i den totale kommune-rekneskaper.


Netto driftsresultat



Omløpsmidlar og kortsiktig gjeld - skilnad er lik arbeidskapital




Netto lånegjeld pr innbyggjar (tal i heile kroner)




I følge gjeldande finansreglement skal kommunestyret ha melding om utviklinga av finansplasseringane. Diagramma nedanfor syner korleis fordelinga av midlar er, og korleis utviklinga har vore dei siste åra.

Avkastning av samla plassering pr år



Samla kortsiktige finansplasseringar



Balanse pr 31.12.

Eigendelar

Anleggsmidlar	2009	2008
Faste eigedomar og anlegg	311 619	282 709
Utstyr, mask. og transportmidl.	27 710	27 609
Utlån	18 636	13 384
Aksjar og andelar	94 161	93 627
Pensjonsmidlar	262 250	238 779
Sum anleggsmidlar	714 376	656 108
Omløpsmidlar		
Premieavik	9 683	9 754
Kortsiktige fordringar	22 639	27 042
Aksjar og andelar	-	2 642
Obligasjonar	-	-
Kasse og bank	31 973	16 776
Sum omløpsmidlar	64 295	56 215
Sum eigendelar	778 671	712 323

Gjeld og egenkapital

Eigenkapital


Disposisjonsfond	(3 225)	(2 510)
Bundne driftsfond	(3 813)	(2 727)
Ubundne investeringsfond	(4 066)	(5 086)
Bundne investeringsfond	(302)	(2 884)
Endring i rekneskapsprinsipp	527	527
Rekneskapsm. meirforbruk	-	-
Rekneskapsm. mindreforbruk	0	-
Udekkja i investeringsrekneskapen	0	6 820
Likviditetsreserve	0	-
Kapitalkonto	(227 442)	(228 385)
Sum egenkapital	(238 321)	(234 245)

Gjeld

Pensjonsforplikting	(295 704)	(268 920)
Ihendehavarobligasjonslån	-	-
Andre lån	(198 345)	(159 147)
Premieavvik	(609)	(420)
Kortsiktig gjeld	(45 692)	(49 590)
Sum gjeld	(540 350)	(478 078)
Sum gjeld og egenkapital	(778 671)	(712 323)
Unyttja lånemidlar	7113	345

Diagrammet nedanfor syner at Radøy kommune har hatt sær god utvikling i skatteinngangen i 2009, men på grunn av inntektsutjamninga får vi berre behalda ein liten del av veksten. Nabokommunane våre, som har mindre auke i skatteinngangen, får behalda ein større del av veksten.


Netto endring skatt og inntektsutjamning 2008 - 09



Skjema 1B - 2009

	2009			2008		
	Rekneskap	Budsjett	Forbruk	Rekneskap	Budsjett	Forbruk
Politisk	3 034 827	2 766 000	109,72 %	2 718 641	2 510 000	108,31 %
Sentraladministrasjonen	17 096 564	15 440 000	110,73 %	16 675 178	14 651 800	113,81 %
Kultur	1 775 447	1 842 000	96,39 %	1 740 509	1 754 000	99,23 %
Radøyhallen	1 591 129	1 373 000	115,89 %	1 291 430	1 146 000	112,69 %
Kyrkja	2 803 930	2 790 000	100,50 %	2 745 764	2 740 000	100,21 %
Fellesteneste skule/SFO/BH	-849 203	-738 000	115,07 %	296 558	329 200	90,08 %
Austebygd skule/SFO	5 801 487	5 663 000	102,45 %	4 675 082	4 871 600	95,97 %
Hordabø skule/SFO	8 820 309	8 962 000	98,42 %	7 892 273	8 011 400	98,51 %
Manger skule/SFO	13 127 289	13 057 000	100,54 %	11 785 425	12 364 000	95,32 %
Sæbø skule/SFO	10 961 358	11 038 000	99,31 %	8 950 951	9 171 000	97,60 %
Radøy ungdomsskule	20 340 644	19 787 000	102,80 %	18 736 421	18 967 000	98,78 %
Radøy bibliotek	1 033 963	1 048 000	98,66 %	1 021 756	952 000	107,33 %
Austebygd barnehage	348 057	441 000	78,92 %	394 768	462 000	85,45 %
Bø barnehage	1 257 683	1 162 000	108,23 %	1 095 364	789 000	138,83 %
Prestmarka barnehage	1 872 577	1 920 000	97,53 %	1 698 130	1 320 000	128,65 %
Sæbø barnehage	1 595 631	1 504 000	106,09 %	1 321 681	781 000	169,23 %
Radøy musikk- og kulturskule	1 201 382	1 379 000	87,12 %	1 153 262	1 210 000	95,31 %
NAV Radøy sosial	4 915 223	4 633 000	106,09 %	5 305 513	4 679 000	113,39 %
Frivilligsentralen	309 904	318 000	97,45 %	309 440	311 000	99,50 %
Legeteneste	5 519 053	5 845 000	94,42 %	5 061 799	4 666 000	108,48 %
Fysioterapi	1 600 334	1 611 000	99,34 %	1 530 045	1 341 000	114,10 %
Velferdssenteret/Hordabøheimen	28 138 550	28 127 000	100,04 %	26 294 043	25 665 000	102,45 %
Heimetenesta	18 951 475	18 982 000	99,84 %	17 548 978	16 749 000	104,78 %
BF-tenesta	17 873 319	16 646 000	107,37 %	15 508 149	16 778 000	92,43 %
Kommunal kjøkkendrift	-251 359	-143 000	175,78 %	14 210	-162 000	-8,77 %
Radøy interkommunale busenter	4 139 693	4 649 000	89,04 %	984 993	15 000	6566,62 %
Barne- og familietenesta	19 348 972	17 134 000	112,93 %	12 803 818	11 339 000	112,92 %
Plan, Næring, Teknisk	3 197 043	3 380 000	94,59 %	1 715 165	2 267 000	75,66 %
Teknisk drift, inkl VAR-området	3 324 681	1 743 000	190,74 %	2 424 906	3 758 000	64,53 %
Mva komp inv/motpost avskr	-18 669 580	-15 460 000	120,76 %	-22 921 042	-21 685 000	105,70 %
SUM	180 210 382	176 899 000	101,87 %	150 773 210	147 751 000	102,05 %

Netto driftsutgifter fordelt på tenesteområde i fleire kommunar



Formannskapet 2007 - 2011



*Jon Askeland (Sp)
Ordfører*



*Ragnar Floen (Ap)
Varaordfører*



John Bauge (H)



Lena Bø Nilsen (FrP)



Bjørg Murberg (V)



Monika Gabrielli (Sp)



Grethe Lunde (KrF)



Geir Taule (FrP)

Lena Bø Nilsen har fått permisjon frå politiske verv i tida 1.10.2008 - 30.06.2010. Geir Taule er vald som medlem av formannskapet for same tidsrom.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Leiar: Sølvi Merete Mangerøy.
Medlemer: Johannes Kolås, Gro Borgund, Wenche Frantzen, Bjarte Sæbø og Birger Klausen.

Hovudutval for plan, teknisk, landbruk

Leiar: Christel V. Håland (H)
Nestleiar: Vigdis Villanger (Sp)
Medlemer: Jostein Borlaug (A), Geir Taule (FrP), Audun Sylta (H), Oddmund Skjelvik (Sp), Sølvi Merete Mangerøy (V)

Eldrerådet

Leiar: Astrid Hagen
Medlemer: Dagfinn Tjore, Margot Taule, Kornelius Sylta, Ragnar Floen, Anna M. Gjerde.
Eldrerådet er eit lovpålagt organ som alle kommunar skal ha. Rådet vert oppnemnd av kommunestyret, og har 4 medlemer frå pensjonist-laga og 2 frå kommunestyret.

Ungdomsråd

Radøy ungdomsråd har 12 medlemer, 9 frå ungdomsskulen og 3 frå vidaregåande skule. Leiar er May Iren Sylta, nestleiar Jonas Taule Lunde. Marianne Osa er administrasjonen sin kontaktperson i rådet.

Kontrollutvalet

Leiar: Finn Frantzen (KrF)
Nestleiar: Arild Tveranger (FrP)
Medlemer: Johnny Johnsen (A), Kjersti Haugland (Sp), Jeanette Villanger Håland (H).



Leif Taule
Assisterende rådmann



Nina Kvamme Leknes
Rådgjevar helse og omsorg



Tonje N Epland
Juridisk rådgjevar

Av rekneskapstala for 2009 går det fram at sentraladministrasjonen har eit etter måten stort avvik mellom budsjett og rekneskap. Dette skuldast fleire tilhøve.

Overskridingane på løn og sosiale kostnader var ca kr 530.000. Mykje av dette skriv seg frå totaloppgjeret på pensjonsføringane i 2009, der premieavvik KLP og sikringstrekk vert belasta ein felles post. Rådmannskontoret og eigedomsskattekontoret fekk litt høgare lønskostnader enn budsjettert.

Driftsinntektene vart ca 635.000 høgare enn budsjettert. Dette gjeld først og fremst inntekter knytt til kongebesøk og andre utviklingstiltak.

Driftskostnader utanom løn ligg nær 1,4 mill over budsjett. Økonomikontoret og løn/personal ca 200.000 i samband med turvande oppgradering av Agresso. Rådmannskontoret meirkostnader til leiarseminar mv. ca 50.000, tilskot til velferdstiltak ca 70.000. Portokostnad ca 120.000 - m.a. til eigedomsskatt. IKT og lisenskostnader ca 320.000. Av den generell innsparinga på kr 400.000 er ca 300.000 ikkje realisert. Brutto kostnader ved kongebesøket var ca 400.000. Også kostnader til kontingentar og OU-fond ordning vart noko over budsjett, ca kr 100.000.

Det er søkt om midlar frå OU-fond til leiarseminar mv. og i april 2010 har vi fått tilskot til dette, kr 75.000. Dette blir såleis inntekt i 2010.

Det må også kommenterast at ein del av kostnadene som er belasta sentraladministrasjonen kunne vore fordelt på andre einingar. Dette hadde ikkje påverka totalresultatet, men administrasjonskostnaden kunne sett noko annleis ut.

Ein generell merknad, men som i seg sjølv ikkje forklarar det samla avviket, er at nokre tiltak er budsjettert netto, men bokført brutto. Dette gjeld t.d. kongebesøket, der det var gitt ei netto ramme, medan det er bokført både utgifter og inntekter. Budsjettavviket blir dermed tilsynelatande stort når ein ser på utgifter og inntekter kvar for seg, men samla sett blir det nærare balanse. Tilsvarande gjeld mellom anna for opplærings- og arbeidsmiljøtiltak.



Helge Vallestad
Rådgjevar oppvekst



Harald Stanghelle
Rådgjevar IKT



Kjetil Morken
Personlrådgjevar

Sentraladministrasjonen sine hovudarbeidsoppgåver er å koordinera arbeidet kring resultateiningane og samordna og koordinera saker til politisk handsaming. I tillegg har sentraladministrasjonen ansvar for sivil beredskap.

Sørvisorget



Lin Tove Thomassen

I 2009 har sørvisorget mellom anna arbeidd med gjennomføring av stortingsvalet, annonsering, telefoni, brukarundersøkingar, TV-aksjonen,

utvikling og oppdatering av heimesidene og med post- og arkivfunksjon. Det var ekstra gledeleg at vi også i 2009 var blant dei beste offentlege nettstadene i landet, med 6 stjerner på Norge.no.

Vår hovudfokus er å vidareformidla alltid oppdatert informasjon, og me rår alle til å bruka nettsidene våre. Her skal du kunna lese om det som rører seg i kommunen, både når det gjeld vasslekkasjar, kulturtilbod eller saker som ordføraren er engasjert i.

Løn og personal



Heidi Birkeland

Løn og personal er ein viktig støtte- og servicefunksjon for rådmann og einingane som gjev råd og rettleiing i spørsmål om løn, sjukefråvær, pensjon

og andre spørsmål knytt til lønsområdet og personalpolitikk. For inntektsåret 2009 skreiv løn og personal ut ca 1.150 løns- og trekkoppgåver, noko som klart syner at Radøy kommune er ein stor arbeidsgjevar.

Austebygd skule



Torunn T. Hovden

Nøgde brukarar

God informasjon til heimane er eit viktig satsingsområde på Austebygd. Skulen har m.a. arbeid med å vidareutvikla foreldreskulen, og i 2009 har både 1. og 5.klasseforeldra fått dette tilbodet. På foreldremøta har me opplevd det som positivt å diskutera kva skule og heim kan gjera på kvar sine arenaer for å motivera og støtta elevane i læringsarbeidet. Me har også fått gode tilbakemeldingar på månadsbrev som kontaktlærarane sender ut.

Hordabø skule



Jostein Borlaug

Nøgde brukarar

Skulen nyttar bl.a. samspelmetoden «Dialog» i møte med brukarane, men det er enno nokre av personalet som ikkje har vorte kursa i «Dialog». Vi har gode foreldreinfoar, som er eit godt verktøy for kontakt skule/heim, og kjem ut 3-4 gongar pr. år. Vi har jobba med å forbetra skulen si heimeside, men framleis ser vi at vi kan bli betre på dette området. Skulen har nulltoleranse for mobbing og har utarbeidd og nyttar plan for førebyggjande psykososialt arbeid. Vi har jamnlege elevsamtalar.

Omdøme

Aldersblanda aktivitetar i ulike pedago-

Omdøme

Heimesidene våre vert no regelmessig oppdaterte, og me har her lagt ut stoff frå mange aktivitetar i skulekvardagen. Skulen har ved fleire høve også dette året fått vist seg positivt fram både i Radøy-nytt og i lokalavisene. Me opplever at foreldra er nøgde med skulen. Dette syner seg også i foreldreundersøkinga.

Ressursutnytting

Skulen sin rekneskap viser eit negativt resultat for 2009. Det har si naturlege forklaring og kom ikkje som noko overrasking. Ein del av bakgrunnen for resultatet kan nemnast her: Skulen har i år fått eit tilbygg som har gitt oss ein svært etterlengta og nødvendig lagerplass. Arbeidet vart starta opp med det utgangspunktet at skulen skulle ta ein del av kostnadene på sitt budsjett. Me har i år også gått til innkjøp av kvar si berbar datamaskin til lærarane, og har i tillegg tatt eit godt «løft» med innkjøp av mange nye lærebøker. Til tross for underskot på rekneskapen for 2009, vil me likevel koma greitt ut økonomisk, sidan me har ein del fondsmidlar å «ta av».

giske og sosiale samanhengar skapar tryggleik og godt miljø. Uteskule, blåbærturar, skidagar, m.m. er viktige element her. Skulen har saman med SFO kjøpt eit «multihus» som vi nyttar. På haustdagen i byrjinga av oktober, som er ein open dag for heile bygda, samla skulen inn over 11000 kroner, som gjekk uavkorta til TV-aksjonen.

Ressursutnytting

Vi har no stort sett nye og gode læreverker på alle trinn. Vi har nytta dei timane vi har fått tildelt på ein god måte, men ser at bemanninga kan styrkjast på dei lågaste trinna. I høve til budsjett kjem vi ut med eit overskot. Personalet er positivt innstilt og ønskjer å prøva ny metodikk, og nyttar tildelte ressursar på ein fleksibel måte, der tilpassa opplæring og nivådeling vert ivareteke i høve til krava i Kunnskapsløftet. Vi har lagt om organiseringa av K/H og musikkundervisninga

Organisasjonsutvikling

Skulen sin utviklingsplan er i fokus for den daglege drifta, der vi mellom anna har lagt vekt på betra digital kompetanse. Vi har nytta både planleggjingsdagar og team/

Organisasjonsutvikling

God kommunikasjon og pedagogisk utvikling har vore gjennomgåande tema i personalet også dette året, og fleire tilsette har fått kursing i «Samspelsmetoden Dialog». Både inspektør og rektor har no gjennomgått den formelle skuleringa som skal til for at me kan vera sjølvgåande på å gje intern opplæring i dette kommunikasjonsverktøyet.

I haust starta me også opp med «Inn på tu-net» prosjektet – eit opplegg der elevane på 6. årstrinn har eit pedagogisk undervisningstilbod på gard ein gang for månaden.

Arbeidsmiljø

Austebygd skule (og barnehage) har eit godt arbeidsmiljø! Det kjenner personalet på i kvardagen – og det viser også resultat av medarbeidarundersøkinga!

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	5,78	6	9	10,45
Elevtal	51	52	54	54
Tal SFO	8	8	10	13

fellestid til å jobba med læringsplattforma «It's learning». Vi har og lagt det inn som ein del av skulen sin dataplan.

Arbeidsmiljø

Sjukefråveret er framleis lågt ved skulen. Vi har eit relativt ungt og stabilt personale som ser ut til å trivast godt saman. Medarbeidarundersøkinga i haust underbyggjer også dette, bl.a på områda fysiske arbeidstilhøve, samarbeid og trivsel og stoltheit over eigen arbeidsplass. Men det er enno forbetningspotensiale på dette området.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	14	12,06	12,75	12,7
Elevtal	97	94	103	102
Tal SFO	24	34	42	42

Økonomi

Vi har eit overskot på rekneskapen for 2009. Vi har halde oss innanfor rammene på lønsbudsjettet medan vi er noko over budsjett på drift. På drifta er det blant anna utgifter til teknisk drift og ulike serviceavtalar som gjer at vi kjem over. Desse serviceavtalane er svært kostbare. Når vi kjem ut med overskot skuldast det bl.a refusjon av sjukepengar og at driftsinntektene er noko høgare enn budsjettet.

Manger skule



Inger Morken Ellingsen

Reknskap

Eininga fekk eit underskot på kr 70.289 i 2009. 48.000 av underskotet skuldast underbudsjettering på skuleskyssen. Underskotet vert å dekkja inn frå skulen sine fondsmidlar.

Nøgde brukarar

Kurs for lærarane i elevrettleiing/elevvurdering/læringsmål vart ikkje gjennomført. Dette vart utsett då Radøyskulane skal arbeida i fellesskap med dette temaet i 2010.

Skulen sine forventningar til heimane vart teke opp som eige tema på foreldremøte for dei nye 1. klasseforeldra.

Omdøme

Skulen arbeider kontinuerleg med å bygga tillit og ha gode kommunikasjonskanalar til heimane. Målet med å ha 6 oppslag/år i lokalavisene om positive saker vart nesten nådd. Vi er framleis ikkje gode nok på å bruka Radøy kommune sine nettsider til nyhende frå skulen.

Ressursutnytting

Skulen fekk kjøpt inn ein del nytt inventar og anna undervisningsutstyr og læremidlar. Vi er no nesten ajour i høve til å ha lærebøker godkjent etter Kunnskapsløftet, resten vert å kjøpa inn i 2010. Sjukefråværet gjekk ned i hausthalvåret samanlikna med vårhalvåret, men det totale fråværet er noko høgt. Tilgangen på vikarar var betre haust enn vår, men stoda er langt frå tilfredsstillande og det vert jobba kontinuerleg for å oppnå ytterlegare forbetring på begge desse områda.

Organisasjonsutvikling

Skulen fekk tilsett fast vaktmeister to dagar/veke frå 1. januar, noko som har vore stor framgong for skulen. Dei fleste lærarar og assistentar har hatt faste og regelmessige møte. Eigen PC til alle lærarar og betre tilhøve kring kontorarbeidsplass har ført til betre utnytting av arbeidstida.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	19,5	23	22	22
Elevtal	165	167	166	158
Tal SFO	51	62	48	42

Arbeidsmiljø

Våren 09 vart kontorbarakkene nord for skulen tekne i bruk. Det vart kjøpt inn nytt inventar til dei 5 nye kontora samt litt nytt på det gamle arbeidsrommet. Administrasjonsavdelinga har vorte pussa opp og ein del av det gamle inventaret her er erstatta med nytt. Medarbeidarundersøkinga haust 09 syner god framgong i høve til forrige år, noko som er svært positivt. Skår på 5,1 (av 6 oppnåelege) på personalet sin trivsel på arbeidsplassen.

Sæbø skule



Rolf Sandstad

2009 vart både siste året i gamleskulen og første året i nyeskulen. Hovudfokus i vårhalvåret vart avslutting og flytting, hovudfokus i haust innflytting og oppstart. Begge delar spennande og krevjande prosessar.

Nøgde brukarar

Betre kommunikasjon elev/lærar og skule heim. Månadsskjema til alle heimane kvar månad med tilbakemelding på elevåtferd og innsats. Nye ordensreglar iverksett vår 2009, oppdatert februar 2010 etter ny forskrift om vurdering. Læringsplattforma «It's learning» vart

innkjøpt på tampen av 2009, teken i bruk januar 2010.

Handlingsplanen mot mobbing vart oppdatert våren 2009. Har ingen indikasjon på verken auke eller reduksjon av mobbing.

Med ny skule har vi og starta med elevkantene med positive tilbakemeldingar frå brukarane.

Omdøme

Resultata på dei nasjonale prøvane i 5. er vi ikkje nøgde med, men Sæbø-elevane i 8. gjorde det bra.

Ny informasjonsfolder/årshjul til alle heimane med kort info om skulen og oppsett over hendingar gjennom heile skuleåret.

Ressursutnytting

Vi har omorganisert spesialundervisninga frå hausten 2009. Betre tilpassa opplæring vil gi mindre behov for spesialundervisning. Samla spesialundervisninga på tre personar vil gi auka kvalitet, kompetanse og ressursutnytting.

Ny skule har gitt oss eit løft når det gjeld det fysiske læringsmiljøet. Vi kan enda bli betre til å utnytta potensialet innanfor varierte arbeidsmetodar i det nye bygget.

Organisasjonsutvikling

Arbeider med å utvikla oss som ein lærande organisasjon. Alle deltakande og førebudde i dei interne prosessane. Ny møtstruktur med plangruppe og møte med lærarane kvar veke. Kvar sjette veke, personamøte med alle tilsette.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	17,2	18,9	20	18,9
Elevtal	150	146	150	138
Tal SFO	44	42	49	50

Arbeidsmiljø

Betre intern informasjon og struktur, sjå over. Etter ein særdeles hektisk vår, avslutta vi vårhalvåret med blå båtturn, gjennom skjærgarden i Radøy, Austrheim og Lindås til Lindås Brygge.

Ressursbruk

Drifta viser eit underskot for skuledelen på 54.000, og eit overskot på SFO med 140.000. I sum går eininga i overskot. SFO-overskotet kan forklarast ut frå at vi har fleire barn i ordninga som utløyser ekstra bemanning. Denne kostnaden vert dekkja av ein kommunal fellesspot for alle SFO. I tillegg har vi lærling i ordninga. I sum gjer dette at vi har noko lågare personalkostnader.

Radøy ungdomsskule



Torleiv Frotjold

Nøgde brukarar

Det vart gjennomført strukturerte intervju med eit tilfeldig utval foreldre. Høg svarprosent med relativt gode tilbakemeldingar. Vi sette i drift «Kvalitetssystem mot mobbing» (sjå heimesida) som eit viktig tiltak under dette perspektivet. Ei anna tiltak er at vi har innført ordninga med månadsrapport/perioderapport til heimane. (sjå «System for vurdering» på heimesida)

Omdøme

Brukarundersøkinga gir gode tilbakemeldingar på dette også. Hovudtiltak: Bevisst bruk av prinsippa for relasjonsleing og lærande organisasjonar.

Austebygd barnehage

Tema for dette året er «Treet vårt». Her følgjer me med på årsrytmen til eit tre på uteområdet vårt, og gjer oss i tillegg kjent med både plantar og dyr som lever rundt treet. Me legg stor vekt på undring og samtale saman med barna. Arbeid med sosial kompetanse er også fast tema gjennom heile året. Me brukar målark som reiskap i dette arbeidet, og kvart barn si utvikling skal her stå i fokus. Samarbeid mellom barnehagen/skulen er også viktig når det gjeld utviklinga av sosial kompetanse - og ein naturleg del av kvardagen vår. Me har t.d. faste opplegg der elevar les for barnehagebarna, fadderarbeid - og kvar veke får barnehagebarn vera med i leiketime på småskuletrinnet. Målet er å skapa tryggleik og positive forventningar hjå dei komande elevane i god tid før skulestart.

Nøgde brukarar

Auka informasjon til heimane har

Ressursutnytting

Hovudtiltak: 4-årige rulleringsplanar for innkjøp, og fleksibel modell for spesialundervisning. Begge desse tiltaka vart igangsette i 2009. Nytt datautstyr til lærarane. Delvis nytt datautstyr til elevane og nytt trådløst nettverkssystem med høg grad av driftstryggleik, som gir rimelegare drift og vedlikehald.

Organisasjonsutvikling

Rektor og inspektør tar vidareutdanning om lærande organisasjonar/skuleleing. Målet i dette perspektivet er gode og lærande prosessar med basis i felles visjon for organisasjonen vår. Målekort – arbeidsmiljø: Medarbeidarundersøkinga gav gode tilbakemeldingar. Størst betringspotensiale innafor fagleg og personleg utvikling.

Rekneskap

Driftsåret var i utgangspunktet planlagt til å tole eit «normalt» nivå på uføresette utgifter, og likevel gå med eit lite overskot. Underskotet vårt kjem m.a. fram som resultat av ekstra kostnader ved skifte av inspektør og merkantilt personal, større naudsynte

og uføresette innkjøp (varmepumpe i utstillingshallen, varmesystem for biblioteket og ombygging/inventar i samband med ny kursbase for spesialundervisning). Ombygginga kom som følge av mangel på grup-

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	30	29,5	29,5	32,1
Elevtal	203	200	203	218

perom og ei større auke i omfanget av spesialundervisning f.o.m. august 2009. Manglande takisolasjon etter takombygginga for nokre år sidan gav store utfordringar m.o.t. oppvarming denne vinteren. Vidare har vi måtta setje inn omfattande uføresette tiltak i høve to elevar i vårsemesteret. Ei anna stor uventa utgift er knytt til at 1-1,5 stillingar måtte dekkjast inn med bruk av overtid i store delar av haustsemesteret. Årsak: Fekk ikkje tak i kvalifiserte vikarar utanfrå i samband med nokre langvarige sjukmeldingar.

hatt fokus, både gjennom eiga dag-/turbok, og ved jamnleg å hengja opp bilete frå aktivitetar i kvardagen. Dette likar foreldra å så sjå på! Observasjonsverktøyet «Alle med» vert brukt, spesielt i forkant av foreldresamtalar.

Omdøme

Heimesidene har i aukande grad blitt brukt til å visa glimt frå kvardagslivet i barnehagen. Målet om å leggja ut nytt stoff kvar veke ligg likevel eit stykke fram i tid. Me opplever at foreldra er nøgde med barnehagen og kjenner seg stolte over den. Dette syner seg også i foreldreundersøkinga.

Ressursutnytting

Barnehagen hadde eit godt overskot på rekneskapa for 2009. Årsaka til dette ligg i auka statstilskot pga større

barnetal i 08/09 og refusjonar frå Nav. Økonomien gjorde at barnehagen m.a. fekk ei etterlengta fornying av bord og stolar. Det gamle inventaret hadde gjort jobben sidan Austebygd barnehage vart starta, for over 30 år sidan!

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	3	3	4,33	3,83
Plassar	14,4	14,4	24	19

Organisasjonsutvikling

God kommunikasjon og fagleg fornying har vore gjennomgåande tema på personalmøte og på ulike kurs. Her er me «i godt gjenge» ut frå måla for 2009.

Arbeidsmiljø

Austebygd barnehage (og Austebygd skule) har eit godt arbeidsmiljø! Det kjenner personalet på i kvardagen – og det viser også resultatata av medarbeidarundersøkinga!

Bø barnehage



Tony Vetaas

Nøgde brukarar

Vi har etter tilhøva hatt bra resultat på brukarundersøkinga. Vi oppdaterer heimesida minst ein gong kvar veke. I tillegg er vi tilgjengeleg både personleg, på e-post, sms og telefon.

Vi jobbar med å skape gode fora for brukarmedverknad, og vil difor oppmode brukarane våre om å nytte foreldrerådet, samarbeidsutvalet eller den daglege kontakten med oss til å kome med forslag eller ynskje i høve barnehagekvardagen.

Omdøme

Det handlar om korleis vi er i møte med, og korleis vi nyttar dei ymse aktørane i nærmiljøet. Vi har faste rutinar for samarbeid med både skulen og kyrkja. Samstundes nyttar vi nærbutikken til det vi treng av daglegvarer. Barnehagens omdømme er avhengig av korleis lokalmiljøet ser på vårt bidrag i nærmiljøet, og vi vonar og trur vårt positive nærvære vert sett pris på.

Ressursutnytting

Nok eit år med knappe ressursar. Dette gjev seg utslag i mindre nytt utstyr og leikar. Likevel meiner vi at vi har fått gjort god nytte av dei ressursane vi har. Vi har til dømes fått starta med fornyinga av uteområdet. Vi har hatt fulle avdelingar, og nokre har opplevd at det ikkje har vore plass til borna dei har søkt plass til. Dette gjeld særleg småbarnsplassar.

Organisasjonsutvikling

Det pedagogiske arbeidet i barnehagen er bygd opp kring fagområda i

revidert «Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver». Vi jobbar stadig med å innføre gode arbeidsmåter knytt opp mot denne planen. Målsettinga om forbetringar i arbeidstilhøva til pedagogane er på god veg til å verta nådd, men vi har framleis liten plass. Når det gjeld arbeidet med fornying og oppussing vonar vi å verta ferdige i løpet av 2010.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	10,85	10,85	10,85	11,24
Plassar	43	43	51	48

Arbeidsmiljø

Kring 70 % av dei tilsette deltok i haust i eit 10 vekers treningsopplegg. Samla sett var dette eit godt tiltak som gav mange gode opplevingar og inspirasjon til betring av livsstil.

Økonomi

Økonomisk kjem vi litt uheldig ut for 2009. Dette skuldast overforbruk på fastløn og høge utgifter på vikarbruk.

Prestmarka barnehage



Rita Amundsen

Nøgde brukarar

Har starta opp med smørjemåltid kvar dag – noko som var eit sterkt ynskje frå føresette. Ha fokus på brukarmedverknad og score høgare på det i foreldreundersøkinga. Dette har ein klart - ein auke frå 3,8 i 2008 til 4,5 i 2009. Likevel kan ein verta bedre, - dette må ein ha fokus på og jobba med heile tida.

Nøgde brukarar

Nytte Radøy kommune si heimesida meir aktivt – her har ein kome eit stykke på veg, men har fortsatt ein jobb å gjera. Auke totalscoren i brukarundersøkinga: Auke frå 4,5 i 2008 til 4,9 i 2009.

Ressursutnytting

Her synes eg ein er vorte flink. Ein samarbeidar godt på tvers av avdelingane for å spare vikar. Ein planlegg innkjøp i saman og fordeler og bytter leikar / utstyr mellom avdelingane. Viktig å ha fokus på at alle har eit ansvar.

Organisasjonsutvikling

Har fått jobb vidare med innføring av MI – teorien. Heile personalgruppa har vore på studietur til Stord med MI som tema. Treng å jobbe vidare med å få til ei felles kursing av nytilsette kvar haust. Har ynskje om meir kursmidlar – kanskje ein eigen pott på budsjettet til det.

Arbeidsmiljø

Dette har ein jobba mykje med i 2009. Barnehagen har vore med i trim og trening prosjektet. Dette blei oppfatta som positivt og mange av dei tilsette har fortsatt treninga etter endt prosjekt. Langtidssjukefråværet har gått kraftig ned. Treng likevel å jobbe vidare med dette. Kommunikasjon er eit viktig

tema å ha på dagsorden – alltid viktig å ha fokus på korleis ein snakkar om og til kvarandre for å ha eit sunt og godt arbeidsmiljø.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	15,8	16,9	17,5	19,5
Plassar	54	66	71	76

Rekneskap

Prestmarka barnehage kom ut med eit lite overskot i 2009. Dette seier oss at ein har styrt økonomisk godt. Alltid vanskelg å halde eit budsjett – då det er ein del utgifter som er vanskelge å styre. Personalet har og gjort ein kjempeinnsats gjennom året for å spare vikarutgifter – hadde ikkje innsatsen deira vore så stor hadde ein kanskje endt opp med eit underskot. Barnehagen er og øvingsbarnehage for NLA lærarhøgskulen som gjev oss litt ekstra inntekter kvart år. Sjølv om ein gjekk med eit lite overskot dette året – er det likevel slik at ein kunne tenkt seg eit romslegare budsjett.

Sæbø barnehage



Rita Amundsen

Nøgde brukarar

Her har ein hatt ei positiv utvikling på alle punkt i målekortet. Ein scorar og høgare på alle punkt i foreldreundersøkinga i 2009 enn i 2008.

Resultat for brukarane auke frå 3,8 til 4,7
Brukarmedverknad auke frå 3,1 til 4,4
Respektfull behandling auke frå 4,3 til 5,1
Snitt totalt auke frå 3,9 til 4,7.

Denne fine utviklinga håper me sjølv-sagt fortset framover.

Omdøme

Me opplever at barnehagen har fått eit

godt omdøme – spesielt sett ut frå dei resultatane ein fekk i foreldreundersøkinga. Bruk av Radøy kommune si heimesida må me jobba mykje meir med – der har ein langt att før ein er i mål.

Ressursutnytting

Sæbø barnehage frekk samla alle avdelingane på ein plass frå hausten 2009. Dette gjer at ein heilt klart får utnytte ressursane mykje bedre. Ein treng nok ein periode å få ting på plass og få samarbeidet til å fungere på tvers av avdelingane. Me synes personalet gjer ein kjempejobb og ein er godt i gang med dette arbeidet.

Organisasjonsutvikling

Mi – teorien har vore satsingsområde i 2009. Heile personalgruppa har vore på studietur til Stord saman med dei andre barnehagane i Radøy. Ein vil ha fokus på dette temaet også framover i tid. I tillegg har ein jobba med kommunikasjon – dette må ein fortsatt ha fokus på. Er vel eit tema ein ikkje kan leggja til side og sei seg ferdig med. Kan tenkja oss meir midlar til kursing,

- både av heile personalgruppa og individuelle kursar.

Arbeidsmiljø

Sæbø barnehage hadde som mål og få eit betre fysisk miljø. Her har mykje falt på plass. Ein har fått ein flott personalavdeling med kontor, arbeidsrom, personalgarderobe, personalrom og møterom.

Ein har og vore med på trim og trening prosjektet – dette var eit positivt tiltak – men hadde nok håpa at fleire hadde fortsatt treninga etter endt prosjekt.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	12,6	12,6	15	15,3
Plassar	58	55	55	62

Rekneskapan

Rekneskapan for 2009 gjekk i balanse. I 2009 var det vanskeleg å ha kontroll over budsjettmidlane. Dette hadde nok samanheng med ombygginga av barnehagen. Ein del utgifter vart ført på investering og ein del på driftsbudsjettet til barnehagen. Men når ein kom ut i balanse får ein vera nøgd.

Musikk- og kulturskulen



Ann Christin Hoen

Nøgde brukarar

RMK har gjennom året gitt elevane våre ulike arenaer å uttrykkje seg på/ spele på. Elevane har fått spele konsert på eigen skule og arrangerte ein svært vellukka temakonsert med samspel og bilete i november.

Vi arbeider stadig med å skape dialog med dei føresette og dette kan vi heile tida bli betre til. Vi er tilgjengeleg på mobil størstedelen av vekedagane og elevane/føresette kan ta direkte kontakt med læraren sin.

Dessverre har vi ikkje greidd å få ned ventelistene. Vi har over 30 på venteliste etter opptak til skuleåret 2009/2010. I tillegg har vi hatt søkjarar på tilbod

vi ikkje hadde høve til å starte opp. Vi hadde ønske om å gi fleire elevar tilbod, men har ikkje hatt lærarkrefter eller lokale tilgjengeleg. Vi hadde derfor heller ikkje hatt stor utskifting av elevar.

Omdøme

Det vi har fått til av nye tiltak dette året er samarbeid med frivilligsentralen for å skape kultur- og trivselstiltak. Vi har lærar ute på onsdagssamlinga på Velferdsenteret og har hatt elevar med for å opptre. Songelevane song Lucia og hadde julekonsert ved Velferdsenteret 13. des. Vi har og delteke med musikkinnslag på forskjellige møte og tilstellingar rundt i kommunen. Vi håper og trur at RMK gjennom sine elevar kan vere ein god ambassadør for kommunen.

Ressursutnytting

Vårt mål for perioden var å kunne oppnå samarbeid utover RMK sin kompetanse og å ha gode verkty og lokale

til vår undervisning. Dette har vi ikkje fått til i denne perioden. Lokale er ei utfordring til eit utvida kulturskuletilbod, og i tillegg har vi møtt store rom problem ved bruken av den nye skulen på Sæbø, som vi ikkje såg føre oss.

	2006	2007	2008	2009
Årsverk	2,82	2,94	3	3,1
Tal tilsette	11	11	12	12
Elevtal	150	165	160	163
Instrumentval	11	12	11	

Organisasjonsutvikling

Personalet ønskjer kvart år at skulen skal møte nye utfordringar og prøver å lage mål for verksemda og aktiviteten som stettar dette. Vi søker heile tida å vere i utvikling, men ser som den viktigaste oppgåva å gi elevane kontinuitet i opplæringa.

Dette året har vore ei utfordring med omsyn verkty for administrasjon, der e-post og Internett har fungert svært dårleg. Dette har kome på plass tidleg i 2010, noko som vil lette arbeidsbyrda.

Legetenesta



Grethe Fosse

2009 har vore nok eit aktivt år for legetenesta, og vi kom i mål med vaksineringa mot svineinfluensa. Det er også i 2009 mellom 90 og 130 pasienter som trekkjer kølapp kvar dag på legekantoret, arbeidsbelastninga er stor og venterommet er til tider fullt. Brukarperspektivet stod i fokus då det blei kjøpt inn ny telefonsentral og gjort omorganisering av timebøker og arbeidsflyt på kontoret. Me vonar brukarane våre merkar betre tilgong

til tenestene våre og kanskje noko mindre ventetid. Dei kan sjølv bidra til betre tilgong på telefon og tinga resept og legetime på heimesida til Radøy kommune. Me har ikkje nådd målet om å ha opne fastlegelister då me framleis venter på ombyggjinga.

Budsjettramma heldt vi med eit mindreforbruk på 325 000 kroner. Dette skuldast i hovudsak liten bruk av vikarer for legesekretærer og inntektene i samband med vaksineringa mot svineinfluensa. Nyinnkjøp vart utsett grunna ombyggjinga som ikkje er ferdig.

Den gode ressursutnyttinga ved kontoret skuldast erfarne arbeidstakarar som samarbeider godt, har god oversikt og evne til planleggjing. Likevel ser me at noko av utstyret dreg på åra og treng skiftast ut snarast råd. Me har ikkje nådd målet med jamnleg oppgradering av utstyr noko som heng saman med at ombyggjinga let vente på seg.

Radøy kommune har kommuneoverlege i 60% stilling, 4 fastlegar, 1 turnuslege og 5,5 årsverk hjelpepersonell. Legane dekkar også tilsynslegefunksjonen ved Velferdssenteret og lege ved helsestasjonen.

Organisasjonsutvikling - tilsetjing av kommuneoverlege har gjeve auka moglegheit til samarbeid innan legekantoret og på tvers av einingane. Legemøta har vorte ein fast struktur saman med andre møte som gjeld styring og kontinuerlig forbetring. Arbeidsmiljøet er i fokus og arbeidstakarane er med i treningsopplegg.

Fysioterapi



Mona N. Øfsthus

2009 har vore eit aktivt år for fysioterapitenesta. Me har fått realisert fleire av måla våre og nemner:

Brukarperspektivet som er sikra ved oppussing og utviding av lokala på helsehuset. Treningsalen er vorten stor og romsleg, og tre lukka behandlingsrom kombinert med kontor, legg tilhøva godt til rette for skjerma pasientbehandling. Dei flotte lokala er også eit positivt bidrag til eit godt arbeidsmiljø.

Budsjettramma heldt me oss innanfor med eit mindreforbruk på 10 000 kroner. I fysioterapitenesta er det fem tilsette, med til saman 3,7 årsverk.

Me har fokus på førebyggjande arbeid. Ved hjelp av turnuskandidat har det

vore mogeleg å kome i gong att med førebyggjande arbeid i skulane. I vår var me rundt på alle barneskulane i Radøy, og i haust vart det satt i gong eit prosjektsamarbeid mellom 2 barneskular, helsestasjon, PPT og fysioterapi.

Tilsetjing av kommuneoverlege gjev auka høve til samarbeid og betre kommunikasjon med legane i tillegg til auka samarbeid på tvers av einingane. Dette ser me på som ei utvikling av organisasjonen vår.

Musikk- og kulturskolen framhald

Arbeidsmiljø

Dei tilsette i RMK har små stillingar (frå 10 – 50 %). Dei arbeidar på ulike dagar og ulike stader og tider. Alle våre lærarar har arbeid utafor RMK, gjerne ein eller to andre arbeidsplassar. Men vi prøver å legge til rette for samarbeid og har fått til mange gode

prosjekt mellom lærarar og elevar gjennom året. Dette er dei arenaene der lærarane møter kollegaene sine, fordi dei gjennom ein vanleg veke berre har kontakt med elevane og er oftast aleine på sin undervisningsstad som vaksen.

Rekneskapen

RMK kom ut med eit overskot i 2009. Dette fordi det i haust var endringar i bruken av sal av timar, der vi nytta færre lærartimar enn vi hadde rekna med.

Barne- og familietenesta



Karolina Vaktstjold

Brukarar

Vi har ikkje hatt brukarundersøkingar i Barne- og familietenesta i 2009. Det har vore 3 formelle klager i barnevernet til fylkesmannen, ingen klager har fått medhald. PPT ikkje har ventelister. Det er gjennomført kurs om plikter ein har som offentlig tilsett i høve til å melda frå til barnevernet.

I Radøy vert det teke Føllings prøve på alle nyfødde innan første leveveke, samtidig med tidleg vekt kontroll.

I skulehelsetenesta er det eit aukande behov i arbeidet med rus/psykisk helse og omfattande familieproblem.

Omdøme

Etterspørsel etter lågterskeltilbod er aukande, særleg i familiar der det oppstår ulike livskriser. Vi tilbyr samtaletilbodet Dialog, der sakshandsamarar frå dei ulike avdelingane samarbeider. Individuell plan vert tilbydd dei som har behov for langvarige og koordinerte tenester. Her

legg ein særleg vekt på samhandling og brukarmedverknad. Vi har fått kommune-psykolog for barn og unge, som og er eit etterspurt lågterskeltilbod. Sjukefråværet har gått noko opp i 2009. Det er vanskeleg å bruka korttidsvikarar i tenesta grunna kompleksiteten i oppgåvene.

Ressursutnytting

Innan barnevern er det ein trend over heile landet med auke i tal plasseringar blant barn og unge. Ettersom det er opphaldskommunen som må dekke utgiftene når vedtak er fatta, er det vanskeleg å planlegge og forutsjå. Overforbruk i høve budsjett er rundt 2 millionar kroner. I dei andre avdelingane er rekneskopen omtrent i balanse. Det har vore større utgifter til støttekontaktar enn budsjettet. Lønsutgifter til PPT har vore høgare enn budsjettet.

Organisasjonsutvikling

I Barne- og familietenesta er tenestene regulert etter fleire lovverk, med omfattande

krav til dokumentasjon. Samorganisering har gitt god uttelling i ein del saker. Lovverket byr likevel på utfordringar i dette samarbeidet. I heile avdelingane har vi høgt kompetente fagfolk i alle stillingar, til tross for at vi er ein liten distriktkommune. Vi legg mellom anna stor vekt på at alle tilsette har god opplæring i samhandling og samspel.

Arbeidsmiljø

Medarbeidarundersøkinga synte eit total snitt på 4,3 med høgaste skår på innhald i jobben (5,0) og lågastst på fysiske arbeidsforhold (3,9) Heilskapsvurdering på 4,5. Dei tenestene som ligg i Helsehuset/helsestasjon og jordmortenesta) har ikkje gode lokale. Resten av tenesta som leiger i DPS-bygget har tilfredstillande lokale, men vi har framleis eit mål om samlokalisera heile Barne- og familietenesta. Ei kartlegging i Barne- og familietenesta stadfesta at det var eit særst godt arbeidsmiljø samla sett.

Teneste	Årsverk	Brukarar	Merknad
Barnevern	3,6	62	13 barn i fosterheim - 3 barn i institusjon 16 barn hjelpetiltak i heimen - 3 i ettervern 34 nye meldingar - 19 handsama
Helsestasjon	2,4		51 heimebesøk til nyfødde
Jordmor	0,5		49 fødsjar, 55 nye gravide
PPT	2,4	154	154 saker. 18,18% oppmeldt, 38% jenter, 62% gutar
Psykatri	3,7	79	54 aktive ved årsskiftet
Psykolog	0,8	37	Barne- og ungdomspsykolog
Støttekont.	0,6		32 vaksne, 12 barn
Merkantilt	1,5		1,3 merkantile funksjonar, 0,2 bustøtte, TT-kort etc.

NAV Radøy sosial



Svein Ove Skjoldal

Sosialtenesta si målsetjing er å: gje god og snarleg hjelp til sjølvhjelp medverke til å sikre rett hjelp til rett tid, i nært samarbeid med den statlege NAV forvaltninga. Sosialtenesta har i 2009 ytt tenester i 644 saker fordelt på 146 personer.

Tenesteytinga har i hovudsak handla om økonomisk hjelp, rådgjeving og rettleiing. I tillegg har vi oppnådd målalet på 6 personer i kvalifiseringsprogrammet, eit arbeidsretta program, som er eit av hovudsatsningsområda ved etablering av NAV.

Flyktningetenesta si målsetjing er å: medverke til positiv integrering av flyktningar i lokalsamfunnet. Flyktningetenesta har i 2009 busett 5 nye flyktningar i Radøy kommune. Alle tek del i introduksjonsprogrammet for flyktningar.

Forutan dette har Nav Radøy følgjande tenester: Hjelpetiltak overfor rusmisbrukarar, medverka til å finna bustad til vanskelegstilte, gjeldsrådgjeving,

samt formidling av husbankmidlar til utbetingslån/tilskot og etablerings-tilskot.

	2006	2007	2008	2009
Tilsette	6	5	3	3
Årsverk	4,55	3,53	2,6	3
Brukarar	196	173	116	146
Flyktn.	19	15	5	10

Tenester for bu- og funksjonstrening (BF-tenesta)



Jørgen Bleikli

Å jobbe mot felles mål er både spennande og utfordrande, men det vil ofte være ukjente faktorar som påverkar resultatet. Nokre ukjende faktorar i 2009 har vore økonomiske rammer, ferdigstilling av nytt arbeidssenter, nye tenestemottakarar med store hjelpebehov og produksjon ved det nye arbeidssenteret

Nøgde brukarar

Eininga arbeider for at mottakarane skal få gode kommunale tenester og vi har fått gode tilbakemeldingar. Vi har fleire nøgde brukarar, og ser at dei endringane som er gjort er positive. Særleg dei endringane som er gjort med aktivtets- og arbeidstilbodet. Fleire får no eit variert og meningsfylt tilbod.

Omdøme

Vi har jobba med å få ut god og oppdatert informasjon om tenestene, dette m.a. ved å oppdatere dei kommunale

heimesidene. Sjølv om dette no er på plass vil det vere behov for å nå ut med informasjon på andre måtar. Vi har sett oss nye mål på dette området.

Resursutnytting

Vi har som mål å drive ein effektive og gode tenester. Vi arbeider også for at tenestemottakar kan være bidragsytar og ein ressurs i lokalmiljøet, dette ut frå den einskilde sine føresetnader.

Organisasjonsutvikling

Samanslåinga av dag- og arbeidstilbodet med resterande del av BF-tenesta er no unnagjort. Vi har fått til eit godt samarbeid og vi ser at det er lettare å tenkje heilskap i den brukarretta planlegginga. Vi må arbeide vidare med å ta i bruk dataverktøy til dokumentasjon og planlegging (CosDoc). Vi er godt i gang med dette arbeidet, men ser at vi treng mykje meir tid og opplæring enn kva vi første rekna med.

Arbeidsmiljø

Vi har gjennomført spørjeundersøkingar om arbeidsmiljøet på dei ulike arbeidsplassane. Resultata samla sett er vi godt fornøgd med men ser at resultata internt varierer noko. Dette vil vi sjå nærare på. Oppgåvene framover blir å ha fokus på gode relasjonar og ta vare på det positive samspelet som vi har. Der er i gang arbeid med å betra dei fysiske arbeidstilhøva og nokre småting

er retta opp, men dei store endringane må takast m.a. ved nybygging. Nytt arbeidssenter og seinare nye bustader i Prestbrekka vil forbetra dei fysiske arbeidstilhøva på desse arbeidsplassane.

	2006	2007	2008	2009
Tilsette	75	76	77	77
Årsverk	35,7	36,5	37,95	42,17
Brukarar	25	26	26	27

Resultat

Det økonomiske resultatet er ikkje som forventa, dette skuldast i hovudsak tre ting. Det eine er omlegginga til aktiv nattevakt i Hesthaugen og Tømmerdalen, og meirforbruk som fylgje av dette. Ei anna årsak til at eininga ikkje har klart å halde budsettet for 2009 er svikt i inntekter frå staten. Modellen for tilskot til ressurskrevjande brukarar vart lagt om i 2009. Undervegs i budsjettåret blei modellen endra og dette førte til mindre inntektene på om lag kr. 650.000.

Den tredje årsaka til overskridingane på budsjettet for 2009 er at presset på avlastingstilbodet i utgangspunktet var stort, i tillegg har eininga fått overført kostnadene av tidlegare iverksette tiltak ved andre einingar utan at det er tilført ekstra midlar, dette har forsterka det negative økonomiske resultatet.

Frivilligsentralen



Laila Pletten

Målet for 2009 har vore: Oppretthalde stabile og forutsigbare tenester. Vidareutvikle besøkstenesta. Rekruttere fleire frivillige medarbeidarar, og arbeide for eit godt miljø for desse.

Utvikle samarbeid og plan med andre einingar for å skape kultur- og trivsels tiltak for ulike brukargrupper.

Året starta med stor dugnadsinnsats i samband med flytting frå Hordabøheimen til Velferdssenteret. Ei gruppe pakka ned utstyr på Hordabøheimen, medan ei anna gruppe tok i mot bebuarane når dei kom til Velferdssenteret. Det vart lagt ned omlag 200 timar frivillig arbeid i flytteprosessen.

Samarbeidet med Velferdssenteret har halde fram gjennom året. Dette har vore i samarbeid med LHL Radøy, Musikk- og kulturskulen og enkeltpersonar.

Våren 2009 arrangerte me datakurs over 6 dagar i samarbeid med biblioteket. Besøksleiargruppa har hatt nokre møte og vore på samling på Haraldsplass. Ein familie har nytta seg av tilbodet om avlastning for familiemedlem med alvorleg sjukdom. Dette har gjeve oss

gode erfaringar og synt at frivillige kan vere ein viktig ressurs når det ynskje om å få vere heime lengst mogeleg.

I mai arrangerte Frivilligsentralen tur til Strilaton, Seim. Teatergruppa Krabate- ne frå Bergen hadde framsyninga «Lys i Lampen». Kulturkontoret og Radøy Lions var medarrangør.

I samarbeid med kulturkontoret, biblioteket, Radøyhallen og Musikk- og kulturskulen arrangerte me temakveld der professor Ingvar Wilhelsen snakka om «Konge i eige liv».

For sjetten år på rad arrangerte me helsetur til Kypros i oktober. 40 pensjonistar var med på turen saman med 2 reiseleiarar.

Frivilligprisen 2009 gjekk til Inger Karin og Erling Haugland for deira store innsats innan lagsarbeid i mellom anna LHL, Lions og Frivilligsentralen.

Velferdssenteret



Anne Berge Brattetaule

Nøgde brukarar

Vi flytta inn under same tak den 12. jan, og flyttinga gjekk heilt etter kjøreplanen med god hjelp frå pårørande og frivillige. Vi har ikkje gjennomført brukarundersøking i 2009, men pårørandeundersøkinga ga resultat over landsgjennomsnittet.

Omdøme

All informasjon om sjukeheimen ligg tilgjengelig på heimesida vår. I haust inviterte vi til møte for pårørande. Vi gjekk igjennom informasjonen som ligg på heimesida og kva som er satsingsområda våre vidare. Dagavdelinga er i rivande utvikling med ulike aktivitetstilbod kvar dag.

Fredagskafé ein gong i månaden er eit av mange populære tiltak. Frivillighets-sentralen har vore sentral samarbeidspartner igjennom heile året.

Ressursutnytting

Vi har nytta delar av vikarbudsjetten til å styrke bemanninga og derfor hatt godt kvalifisert personale ved sjukefråverer. Personalet har rullert mellom dei ulike avdelingane for å sikre fleksibilitet. Stort press på institusjonen har ført til at bebuarar har måtta dela rom og i nokre høve fått tilbod om opphald ved Fedje sjukeheim. Vi har i snitt hatt 47 bebuarar i 2009.

Organisasjonsutvikling

Året har vore særskildt arbeidskrevjande for dei tilsette ved Velferdssenteret. Vi har jobba målretta for å få rutinar og prosedyrar på plass. Vi er mange som skal forstå det same og det er ei utfordring når drifta går 24t i døgnet. Godt å ha sjukeheimsleger som tek tak og hjelper oss med det systematiske arbeidet! Vi har faste møter kvar tysdag for utarbeiding og gjennomgang av prosedyrar og rutinar. Dette er ein viktig arena for læring, utvikling og nytenking. Avviket frå fylkeslegen vart lukka i juni.

Arbeidsmiljø

Året starta med eit betydelig sjukefråverer. Vi har jobba systematisk for å redusere sjukefråveret, og alle tilsette har fått tilbod om 10 vekers treningsvegledning hjå Trim og Trening. Godt resultat! Sjukefråverer er redusert betydelig. Leiar har gjennomført medarbeidersamtalar med dei tilsette og stillingsamtalar er under utarbeiding.

Økonomi

I budsjettet var det ikkje tatt høgde for dobbelt drift ved institusjonane fram til 12 januar. I tillegg har alle faste utgifter knytt til begge institusjonane blitt ført på Hordabøheimen/Velferdssenteret. Dette utgjør ein sum på 697 000 gjennom året. Budsjettet syner eit avvik på -54 429. Dette tyder på at vi driv rasjonelt!

	2006	2007	2008	2009
Tilsette	82	84	70	73
Årsverk	48,1	48,6	47,2	47,75
Brukarar	46	45	45	47

Radøy MatSørvis



Solfrid Mangerøy Helland

Radøy MatSørvis hadde positivt avvik på resultatet i 2009. Talet på leverte middagar har gått ned med ca 5 pr dag, medan talet på fullpensjon er stabilt. Cateringdelen har auka litt i forhold til 2008.

Lønnskostnadane er redusert etter at Hordabøheimen vart lagt ned.

På andre driftskostnadar har kjøkkenet eit negativt avvik. Kostnadane er innkjøp av ny oppvaskmaskin, ny pakke-

maskin til middagar til heimebuande, og ein vegg mellom nytt arbeidssenter og kjøkkenet. Dette kom på ca kr 100 000

Totalt sett vart det eit overskot for kjøkkenet i 2009.

Nøgde brukakarar og omdøme

Målet vårt var god kvalitet på maten og god service. Me får daglig positive tilbakemeldingar. Me ønskjer å yta service til både interne og eksterne kundar, og dei tilsette strekkjer seg langt for dette, også utover normal opnings- og arbeidstid.

Organisasjonsutvikling

Ved nedlegging av Hordabøheimen var det ein omstillingsprosess for dei tilsette. Nye rutinar og for enkelte nye arbeidsoppgåver. Dette har gått veldig bra.

Ressursutnytting

Rekneskapan viser økonomi i balanse.

Arbeidsmiljø

Medarbeidarundersøkinga viser stolte og nøgde tilsette, med ei heilsvurdning av arbeidsplassen på 5,7 (der 6 er best).

	2005	2007	2008	2009
Tilsette	10	10	10	8
Årsverk	4,8	5	5,3	4,25
Middagar	17303	20702	19536	17775

Heimetenesta



Johnny Brattetaule

Nøgde brukarar/Omdøme

Den overordna målsettinga til heimetenesta er å levere helsetenester på eit høgast mogeleg nivå, ut frå gitte føresetnadar, og i samsvar med gjeldande lovverk.

2009 har i år som tidlegare år vore travelt og utfordrande på mange område. Heimetenesta fungerer på mange måtar som ein «buffer» innan helsetenesta i Radøy. Ein får stadig nye brukarar og kjende brukarar vert eldre, og får behov for meir hjelp. Pr i dag leverer vi hjelp til ca 200 brukarar. I periodar har ein i år som i fjor nytta ein dobbel leilighet i omsorgsbustadane som institusjonsplass. Bebuarane her har motteke hjelp frå heimetenesta.

Heimetenesta har forsøkt å drifte i samråd med gjeldande budsjett, og utarbeidd målekort for eininga. Gjennom målretta samhandling har eininga lukkast på mange område. Brukarundersøkinga viser at ein leverer gode tenester, og at ein kjem ut med ein skår som er 0,1 over landsgjennomsnittet. Ein ser likevel at det er område ein kan verte betre på, og dette vil ein jobbe vidare med.

Ressursutnytting

Å drifte i samsvar med gjeldande budsjettet har ofte vist seg å være ei stor utfordring. Årsaka kan i all hovudsak knytast opp mot at det er vanskeleg å forutsjå omfanget/variasjonen i helsetenestene ein skal levere gjennom året.

Organisasjonsutvikling

Målsetjing for kommande år blir, som tidlegare, å finne optimale løysingar med tanke på å levere god kvalitet på tenestene våre. Ein må vidareføre samarbeidet med brukarane og deira næraste, samstundes må ein vidareutvikle samarbeidet på tvers av einingane og sist men ikkje minst må ein ta vare på arbeidsstokken vår.

Arbeidsmiljø

For å levere gode tenester er det

naudsynt å ha fokus på arbeidsmiljø, samhandling og fleksibilitet. Saman har eininga gjort ein stor jobb, og medarbeidarundersøkinga syner at ein i år skårar betre på dei fleste måleparametra. Vi kjem ut med eit resultat som er 0,4 poeng betre i år enn i fjor, og 0,2 poeng betre enn landsgjennomsnittet. Ved gjennomgang av sjukefråversstatistikken for 2008 - > 2009 finn ein ca 36% reduksjon i fråværet, vi har gått frå 13,97 % til 8,97 %. Talet er fortsett for høgt og vi jobbar for å bli betre, men eg meiner vi må få lov å skryte av resultatet !

	2006	2007	2008	2009
Tilsette	48	48	51	51
Årsverk	30,4	30,4	35,2	35,2
Brukarar	160	195	200	200
Tryggj. alarmer	70	70	74	70

Økonomi

I tertialrapportane har ein gjeve tilbakemelding om at det kunne verta vanskeleg å klare eit nullbudsjett. Når resultatet ved årsslutt likevel syner at heimetenesta har klart dette, lyt eg trekkje fram medarbeidarane mine, vilje og evnene til å tenkje nytt og være fleksible.

Radøy interkommunale busenter



Aase Frammarsvik

Radøy interkommunale busenter er eit bustadtilbod for vaksne med trong for heildøgns omsorg. Det er eit interkommunalt tiltak, der Radøy kommune er vertskommune, og Osterøy, Vik, og Bergen er deltakarkommunar. 2009 er det første heile året med ordinær drift. Tilsette og bebuarar har

brukt året godt, vi har blitt godt kjent med kvarandre, og saman har vi skapt eit flott busenter som er lett å trivast i. Bebuarne er glad i å bruke områda rundt Manger, til turar til fots og i bil, og til fisketurar og handling. Vi har og hatt på nokre turar til Bergen, og flott middag på Solstrand hotell. Vi feira 1 års-dagen med inviterte gjester frå kommunen, og fekk då vist litt av det vi driv med på busenteret, m.a maling og matlaging.

Vi har hatt ei brukerundersøking i slutten av 2009, der bebuarne sa seg nøgd med bustadtilbodet sitt. Medlevarturnusen har også vore vellukka, både for arbeidstakarne og bebuarane. Å jobbe i lengre periodar skapar trygghet og forutsigbarhet, og bedre tid til aktivitetar og oppgåver

i heimen. I alt er det 12,7 årsverk ved busenteret.

Måloppnåing

Vi har skapt ein heim til bebuarne, og jobbar stadig med å utvide kunnskapar omkring daglege gjeremål. Vi fekk heilt på slutten av året inn ein ny bebuar, og har då ein plass ledig. Vi har i år eit overskot i forhold til budsjett.

Plan, næring og teknisk



Tonje N. Epland

Plan, næring og teknisk 2009

Eininga arbeider med byggsaker, plansaker, oppmåling og matrikkelføring, jordbruk, skogbruk, miljøvern, kulturminner, viltforvaltning og næringsutvikling innan jordbruk og nærliggande verksemdar. Eininga omfattar også teknisk driftseining, som har ansvaret for utbygging og drift av kommunale bygg, veg, vassverk og kloakkanlegg. 17. august 2009 tiltredde ny leiar for eininga.

Kommunale bygg

Av store hendingar i 2009 må nemnast offisiell opning av Sæbø skule og Vel-

ferdsenteret. To flotte byggeprosjekt av historisk storleik for Radøy kommune. Ombygging av Sæbø barnehage vart også ferdigstilt. Ominnreiing av eksisterande lager i Velferdssenteret til arbeidssenter for inntil 15 personar nærma seg ferdigstilling ved utgangen av 2009. Ved Manger barne- skule har arbeidet med rehabilitering fortsett, mellom anna med bytte av delar av det elektriske anlegget og oppgradering av skulekjøkkenet. Det blei også iverksett utgreiingsarbeid for rehabilitering/oppgradering av det kommunale kjøkkenet. Arbeidsgruppe for nye omsorgsbustader i Prestbrekka blei nedsett. Igangsetting av Ungdommens hus blei stoppa som følgje av høge byggekostnader. Austebygd skule runda 40 år i 2009.

Vassverk

Radøy Vassverk har god og stabil tilgang på vatn og har i liten grad vorte ramma av vassmangel. 2009 har, som dei seinare åra, vore prega av små og store vassleidningsbrot, med oktober og november månad på brotstoppen.

God innsats frå dei tilsette på Teknisk Drift har også i år redusert skadeomfanget av vassleidningsbrot til eit minimum. Deler av leidningsnett er prega av elde og slitasje, noko som aukar risikoen både for vassleidningsbrot og varierende vasstrykk. Heilt på tampen av året var også frost ei utfordring for vassverket. Planlegging av ringleidning rundt Kartveit heldt fram i 2009 og entreprenør vart hyra inn. Radøy kommune vart samstundes invitert til samtalar kring ny ringleidning over Austrheim. Planlegging av arbeid med rullering av hovudplan for vatn og avløp starta opp mot slutten av 2009.

Kommunale vegar

Trafikksikringstiltak ved Sæbø skule vart utført hausten 2009. Dei siste to vekene av 2009 fekk me testa ut beredskapen på brøyting. Erfaringene frå 2009 tek me med oss inn i neste vintersesong.

Skogbruk, vilt og miljø



Asbjørn Toft

Skogbruk

I alt vart det levert til Vestskog om lag 314 kubikkmeter tømmer i 2009, mesteparten av tømmeret gjekk til Granvin bruk. Det vart også høgd ein del ved til sal og eige bruk. Det vert arbeidd med å få ferdigbygd ein heilårs traktorveg på Tjore. Eit godt skogsvegnett må til for å ha aktivitet i skogen. Det vart rydda/tynna ein del i lauvskog langs vegar og på kommunal grunn.

Viltforvaltning

Det vart gjeve 364 fellingsløyve på

hjort, det vart skote 287 hjortar, fordelt på 71 kalvar, 119 hodyr og 97 hanndyr. Med ei fellingsprosent på 79 % og 287 felte dyr framstår Radøy som den kommunen i fylket som har høgast uttak av hjort i høve til produktivt areal. Det vart gjennomført hjorteteljingar to helger våren 2009. Om lag 30 personar var med på desse teljingane. Dei årlege hjorteteljinga byrja i 1999 og har no vore i 11 år. Det årlege viltmøtet vart halde på rådhuset, omlag 50 personar møtte fram. Det vart gjeve skotpremie på 23 rev og 2 mink i 2009.

Miljø og kraftleidningar

Arbeidet mot nye kraftleidningar over Radøy har og vore eit prioritert saksfelt. Det vart i den samanheng også utarbeidd ein ny rapport om fuglelivet nord på Radøy. Me har både hubro, havørn og hornugle som hekkar på Radøy. Desse trua fuglane Radøy har, er viktige alliansepartar mot BKK sine planar om nye luftspenn over Radøy.

Energi- og klimaplan

Arbeidet med å laga Radøy kommune sin energi- og klimaplan vart ferdig i 2009, den vart godkjent av kommunestyret i februar 2010. Radøy kommune mottok elles kr. 252.000 frå ENOVA til ladestasjonar for el-køyrety. Desse skal plasserast på offentleg parkeringsplassar og ved fleire offentlege bygg. Radøy kommune mottok og midlar til enøk-tiltak til fleire kommunale bygningar. Arbeidet her er gjennomført på m.a. på Manger skule og i Radøyhallen.

Kulturminnevern i Radøy

Radøy kommune har arbeidd ein del med å skaffa midlar til istandsetjing av kulturminne og kulturlandskap. Den største restaureringa på Radøy i 2009 var arbeidet med Kvalheimstunet. Opninga av Kystsogeveke vart halde her i nært samarbeid med Radøy Kunst Senter og grunneigar. Jordkjellarprosjektet til Norsk Handverksutvikling og Hordaland fylkeskommune fortsette i 2009, ein eldre potetkjellar skal setjast opp på ny på ein gard på Nordanger.

Plan/byggesak



Tore Rikstad (byggesak)

På **planavdelinga** vert det arbeid med reguleringsplanar og overordna planar, som kommuneplan og kommunedelplanar. Planavdelinga handsamar også delingssaker og dispensasjonssaker. Ny plandel i plan- og bygningslova trådte i kraft 1. juli 2009. Lova endrar planprosessane noko. Av størst praktisk verknad er innskjerping av dispensasjonspraksisen og strandsonevernet. Planavdelinga har i 2009 arbeid med endring av rutinar og malar for tilpassing til nytt lovverk.

Arbeidet med kommunedelplan for Radøy Sør vart slutført i 2009, og kommunedelplan for klima og energi kom på høyring. Det har i året vore arbeid med revisjon av kommuneplanen for Radøy. Det har vore fleire bygdemøte og det er komme mange gode innspel til ny kommuneplan. Reguleringsplan for ny Riksvegen 565 over Radøy kom på høyring i 2009. Det gjorde også reguleringsplan for fylkesveg 406 og 407 Storheimstø – Vetås. Avdelinga har samstundes slutført arbeida med godkjenning av 2 private reguleringsplanar, og det er gjeve løyve til oppstart av arbeida med 3 nye.

Byggesak har hatt stor aktivitet, og talet på saker har også i 2009 auka samanlikna med fjoråret. Fleire nye industribygg vart ferdigstilte, medan andre var under planlegging. Ny plan- og bygningslov fører mellom anna til endring i dispensasjonsreglar frå 1. juli 2009 og utløp av overgangsperiode for dei nye energikrava til bygningane frå 1. august 2009. Som følgje av lovendingane er det registrert betydelig

auke i talet på innkomne byggesaker i perioden juni-juli 2009. Trass i stor aktivitet har avdelinga også i år klart å handsama dei aller fleste sakene innafor dei tidsfristane plan- og bygningslova sett. Gjennom det interkommunale byggetilsynet (NGIT) er det også i år avdekket til dels store feil og manglar hjå dei ulike aktørane i byggebransjen.

Badeplass og sikring

Radøy kommune og Bergen og Om-land Friluftsråd (BOF) byrja arbeidet med betre tilkomst til Solheimsvika badeplass og friområde hausten 2009. Me fekk 70.000 kr i tilskot frå fylkeskommune til dette arbeidet. Badeplassen på Toska vart óg oppgradert i samband med kongebe-søket. Miljøretta helsevern kunne i juni 2009 melde at vasskvaliteten var god ved badeplassane i Radøy.

Landbruk



Øyvind Thømt

Landbrukskontoret handsamar saker etter jordlov, konsesjonslov og odelslov, og søknader om tilskot til avløy-sing ved sjukdom. Avdelinga gjev landbruksfagleg uttale i planarbeid, delingssaker og byggesaker. 152 gardbrukarar søkte om produksjonstilskot ved søknadsomgangen 20. august, ein liten nedgang frå 2008.

I 2009 var det 86 gardbrukarar som søkte tilskot frå RMP-ordninga – ein liten auke frå tidlegare år. Regionalt miljøprogram (RMP) skal stimulera til å ta vare på og utvikla de opne og

særmerkte kulturlandskapet i Radøy, og elles i Hordaland. Hjå oss er det ordningar som skjøtsel av verdifullt innmarksbeite, tilskot til hald av villsau, skjøtsel av lynghei og vedlikehald av steingardar som det er søkt mest på. Det vart i 2009 løyvd kr. 482.600 til spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL). Ein del færre søknader i år enn tidlegare, då tal på søknader om midlar til beiterydding har gått attende. Søknadane i år hadde god bredde. Det vart søkt midlar til beiterydding, gjerding, bygningar og hesjing. Me kunne tenkt oss fleire søknadar om midlar til restaurering av bygg.

Bruksutbyggingssaker var det arbeid mykje med i 2009. Me fekk finansiert 3 fjøs for mjølkekyr. To av dei var utbygging i samband med generasjonsskifte, den eine var eit samdriftsfjøs. I tillegg hadde me 3-4 utbyggingssaker som me vonar å få tilskott og lån til i 2010. Den aktiviteten vi har hatt på bruksutbygging dei siste åra viser at det er ungdom på Radøy som ynskjer å satsa på landbruket!

I tillegg til utbygging i tradisjonelt landbruk hadde me også 1-2 brukarar som ynskjer å satsa på «Inn på tunet». Inn på tunet har som mål at både brukar, kommunar og bønder skal ha nytte av å gå inn i eit tverrfagleg samarbeid ved at garden vert tilrettelagd for tilbod innan opplærings-, helse- og sosialsektoren.

Også jordbruk har vore berørt av lovendingar i 2009. Frå 1. juli 2009 trådte endringar i konsesjonslova, jordlova og odelslova i kraft. Endringane inneber ei forenkling av lovverket, og ei modernisering av odelslova. Arealgrensene for buplikt og konsesjon er endra, og det kan ikkje lenger søkjast fritak frå buplikta. Reglane om driveplikt er omarbeida og flytta til jordlova. Ved misleghald av driveplikta kan kommunen no gje pålegg om bortleige og eventuelt sjølv inngå avtale om bortleige av eigeidomen. Reglane i odelslova om kva eigeidom som kan odlast er endra, slik at dette no berre vert eit spørsmål om arealgrenser.



Kjartan Medaas (oppmåling)

Oppmåling

Oppmåling handsamar oppmåling, føring av eigedomsregister (matrikkel) og kartvedlikehald. Det har kome inn færre saker til oppmåling i 2009 enn dei siste åra. Oppmåling har derfor kunna bistå i arbeid med eigedoms-skatteprosjektet, adresseprosjektet og digitalt planarkiv. Også andre avdelingar har nytt godt av at oppmålinga har hatt eit rolegare år. Lov om eigedoms-registrering (matrikkellova) tek til å

gjelde frå 1. januar 2010. Oppmåling har nytta hausten 2009 til å førebu lovendringa, med endring av skjema og rutinar for søknad om deling, rekvisisjon av oppmålingsforretning og anna. Deltaking i samarbeidsorganet Nordhordland Digitalt har vore eit anna viktig gjeremål. Avdelinga har i 2009 investert i nytt målarutstyr med GPS.

Kommunestyra i regionen har vedteke at det skal tildelast offisielle vegadresser i Nordhordland og Gulen. Dette er eit interkommunalt prosjekt, støtta økonomisk av statlege og regionale einingar. Det er store fordelar med nøyaktige adresser, både for uttrykingsinstansar, distribusjon, og annan offentleg og privat tenesteyting. Regionen skal vere eit samla område ved tildeling av offisielle adresser. Det inneber at adressene i dette området vert unike, at retningslinjene er like i alle kommunar og namnsetjinga er samordna med felles rutinar og praksis. Arbeidet vert utført av Teknisk drift i kommunen, med støtte frå oppmåling. 120 namneskilt og 440 tilvisningskilt skal setjast opp i kommunen.

Nøkkeltal	2006	2007	2008	2009
Innkome byggesaker		296	324	352
Handsama byggesaker		269	302	283
Tal nye bueiningar	35	45	35	54
Tal nye hytter	15	20	10	9
Utførda målebrev	60	62	112	57
Innkome oppmålingssaker		66	123	44
Tal saker etter landbrukslova	60	60	65	65
Bruk av SMIL-midlar (mill kr)		1,82	0,891	1,064
Tal søknader prod. tilskot	160	160	156	152

Radøyhallen



Odd Matre

Dette året er det 22 driftsåret i Radøyhallen. Det var i 2009 vore gjennomført full rehabilitering av terapibasssenget. Me har no eit moderne anlegg som med topp vasskvalitet.

Alle lysarmatur i garderober, skytebane og tribune er skifta. I tillegg er det montert nye sparedusjar med ekstra sikkerhet for å hindra legionellautbrot. Desse tiltaka er støtta av ENOVA.

Symjehallen og terapibassenget

Offentleg bading syner stor tilbakegang i høve til året før. Av desse er born ca. 1500 og vaksne ca. 400. Noko kan forklarast med at Terapibassenget ikkje opna før medio oktober, ca. ein og ein halv månad seinare enn hovudbassenget, grunna rehabilitering. Dette viser at terapibassenget har stor betydning for drifta av hovudbassenget. Det er likevel urovekkjande at tilbakegangen blant born og unge er så stor. Bassenga var også i 2009 stengt frå mai til skulestart. Radøy Ungdomsskule er hovudbrukar av bassenget saman med barneskulane på dagtid. Radøy symjeklubb har trening i bassenget. Det er aukande etterspørsel etter å leiga symjehallen frå lag, organisasjonar og skular utanfor kommunen.

Idrettshallen. Idrettshallen er som før stort sett brukt av lag og organisasjonar i Radøy,

i tillegg Floenkollektivet og Manger folkehøgskule, som nyttar idrettshallen både til undervisning og fritidsaktivitetar. Radøy ungdomsskule og barneskulane er hovudbrukar på dagtid. Idrettslaga i kommunen er hovudbrukar på kveldstid, i tida november til mars er det få ledige timar i hallen. Det har også dette året vore to dansegalla. Av andre større tilstellingar kan me nemne: større og mindre konsertar, hundeutstillingar, Manger Cup, Mangerfestivalen, treningsleirar m.m.

Skytebane er utleigt til Radøy Skyttarlag. Arbeidet med rehabiliteringa er no avslutta.

	2006	2007	2008	2009
Off bading h.bass vaksne og barn	8352	8385	8800	6900
Utleige symjehall	780t	801t	801t	850t
Utleige terapibass	820t	811t	845t	650t

Kultur



Rune Rydland

Ungdomen si kulturmonstring

vert arrangert 25. 1.2009 i Austrheim samfunnshus. Dette var i år som dei tidlegare åra eit fellesarrangement for kommunane Austrheim, Fedje, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy. Det var omlag 80 påmeldte til monstringa. Eit utval frå den lokale monstringa fekk vera med på fylkesmonstringa

i Grieghallen i Bergen mars. Radøy hadde med 4 innslag i ungdomens kulturmonstring i Grieghallen. ExcaliBuR, KAOSS, Solveig og Mari hadde musikalske innslag og Anne Kristine Borgund Johannessen hadde utstilling av teikningar.



Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld

vitja Radøy 19. februar. Radøy kommune presenterte lag og anlegg innan idrett i Radøy. Kommunen viste til den oppdaterte planen for idrett, friluftsliv og nærmiljø, og konkrete planar for

anlegg som både lag og kommune har. Målet med møtet var at fylkesidrettssjefen skulle få god innsikt i idrettslivet i kommunen, og dei behov som planane syner. Radøy kommune vonar sjølvstøtte også på støtte og engasjement til vidareutvikling av det sterke idrettsmiljøet i Radøy

Kulturprisen gjekk dette året til Steinar Vågenes. Han fekk prisen for langt og godt arbeid innan Yngstes, søndagsskule, ulikt kristent arbeid, som berande kraft i Crihana Veche-aksjonen, læraren som kulturberar og kulturdimensjonen i Hella Skulestove. Prisen var eit kunstverk vevd av Åse Eriksen, med motiv blomkarse. I tillegg følgjer det med diplom for kulturprisen.

I **kystsogevøkene** 8 aug. - 13. september var det fleire arrangement i Radøy, med mellom anna konsert i Solheimsåsen og offisiell markering av kulturminneåret.

Bibliotek



Anne Elisabeth Waage

Nøgde brukarar - Omdøme

Biblioteket har i 2009 oppretthalde alereie eksisterande tilbod til publikum og dels utvida med nye tilbod. Ordninga «Biblioteket heim til deg» har vore nytta av ulike brukarar. Nytt av året var ordninga med «El-eksamen i biblioteket» der kandidatar kan ta førebunde prøve til EBL-installasjonsprøven som netteksamen i Radøy bibliotek. Det har i 2009 vore lagt vekt på å forbetre miljøet for brukarane i bibliotekslokalet, mellom anna med å lage til sittegruppe i tidsskriftavdelinga. Biblioteket har og i større grad enn tidlegare nytta midlar til innkjøp av filmar og lydbøker. Forbetringar i det trådlause nettverksystemet har gjort at

Internett-tilgongen for brukarane har vore stabil. Biblioteket si heimeside vert jamleg oppdatert, men vil på sikt bli supplert med ei felles nettside for alle Nordhordlandsbiblioteka.

Ressursutnytting

Biblioteket har i 2009 nytta stor grad av gjenbruk, varsam bruk av budsjettmidlar og utsetjing av innkjøp på ein del område. Dette har ført til eit underforbruk for 2009 på om lag 14 000 kroner. Forbruket i 2009 gir såleis ikkje eit realistisk bilete av kva som trengst for å driva eit framtidretta bibliotek. Det samla utlånet for Radøy bibliotek og skulebiblioteka i kommunen ligg stabilt. Tal frå statistikken viser ei lita nedgang i utlånet av skjønlitteratur, men ei tilsvarande auke i utlånet av faglitteratur til barn og film til vaksne. Den aukande bruken av datatenester i biblioteket vert ikkje synleggjorte i statistikken, men er ein viktig del av tilbodet til publikum. Også fjernlåns-tala, som for Radøy bibliotek har auka mykje, synleggjer viktige tenester til brukarane. Ein stor del av innlånet er fag- og pensumlitteratur til fjernstudantar og folk i etterutdanning, som

bur i Radøy, og difor treng hjelp til å skaffe seg denne litteraturen frå universitets- og høgskulebibliotek rundt om i landet.

Organisasjonsutvikling og

	2006	2007	2008	2009
Tilsette	3	3	2	2
Årsverk	1,7	1,7	1,7	1,7
Fjernlån	310	420	514	678
Utlån	19891	20140	21192	21236

arbeidsmiljø

Samarbeidet mellom hovudbiblioteket og skulebiblioteka vart frå 2009 formalisert gjennom ein «Samarbeidsavtale mellom folkebiblioteket og skulane». Det er no Web-utlån ved alle skulebiblioteka i Radøy kommune. For å sikre fagleg utvikling i personalet her biblioteket prioritert midlar til kursing, forlagsmøte og deltaking i interkommunale prosjekt i 2009. Radøy bibliotek er fast med i Nordhordlandssamarbeidet for bibliotek, og hadde i 2009 sekretærfunksjonen i samarbeidet. Arbeidet med prosjektet «Nye tider- Nynorsk» som har som mål å få fleire til å lese og skrive nynorsk held fram.

Januar

- Vedtak om heving av ubåtvraket utanfor Fedje
- Skum frå Radøyselskap skal slökkje Australske brannar
- 3,2 mill i tiltakspakke til Radøy kommune
- Hordabø bibliotekfilial nedlagt frå 1.1.09

Februar

- Mohn-gåve til Hordabø Idrettslag
- BKK Vestavind Kraft AS trekkjer vindkraftprosjekt i Radøy
- Ny ornitologisk rapport frå Radøy
- Bustadhus brann ned på Sylta



Mars

- Hordabø Skulemusikklag 40 år
- Byrådsleiaren i Bergen vitja Radøy 26. mars
- Oppstart av reguleringsplanarbeid for ny vegtrasé Fv. 407-Fv 406 Storheim – Vetås
- Oppstart av rullering av kommuneplan og høring av planprogram

April

- Radøy best i landet på gjeldsrådgjeving
- Kongeskipet ved Radøy
- Ungdommens kulturmonstring i Grieghallen
- Lokalsamfunn med MOT vert starta opp



Mai

- Utviklingsplan for Radøy Kunst Senter
- Stort Brasil-besøk på Austebygd
- Historisk IKT samarbeidsavtale signert
- Lydia song seg til 2. plass i Norske Talenter
- 8. mai markering i rådhuset

Juni

- Strålende god mottaking av kongeparet på Sletta og Manger
- God innsats under NM for skulekorpsa våre
- Eksamen i EL-prøvar på biblioteket
- Opning av Skjærgårdsfisk Visningscenter
- God vasskvalitet ved badeplassar i Radøy
- Nytt etikkreglement for Radøy kommune vedteke
- Vestnorsk utvandringssenter inn i museumssenteret Hordaland (Salhus)



Juli

- Kommunedelplan for klima og energi til offentleg ettersyn
- Oppmoding om redusert bruk med slange eller vasspreiar ved hagevatning
- Radøy kommune på Twitter



August

- Offisiell markering av kulturminneåret i Radøy
- Radøy kommune melder seg ut av Nordhordland reiselivslag
- Kommunen går i dialog med Jotun i samband med varsel om nedlegging
- Vellukka opning av kystsogevokene

September

- 5. klasse på Sæbø best i konkurranse i samband med kulturminneåret
- Sæbø-elevar med gode resultat i fylkesfinalen for syklistar
- Felles årsplan for barnehagane i Radøy for 2009 - 2012 som skal gjelda for alle barnehagane i Radøy kommune



Oktober

- Hordabø IL sitt damelag rykte opp i 2. divisjon
- Vaksinerings mot svineinfluensa startar opp
- NVE på synfaring i den planlagde traséen for kraftlinene over Nordhordland
- Radøy startar plannemnd for Manger skule
- Oppsetjing av adresseskilt i Radøy kommune
- Folkemusikkveka i Nordhordland

November

- Steinar Vågenes får kulturprisen for 2009
- Ny folketalerekord på Radøy
- Sæbø skule offisielt overlevert
- Marås 4H 50 år
- Kommunedelplan Radøy Sør godkjent



Desember

- 40-årsjubileum for Austebygd skule
- Frivilligprisen 2009 gjekk til Inger Karin og Erling Haugland
- Reguleringsplan for industriområdet Vetås
- Eigarskapsmelding for Radøy kommune
- Radøy tek mot 15 flyktningar 2009-12.
- Radøy si nettside fekk seks stjerner på norge.no